

# ÅRSMELDING ETNEDAL HISTORIELAG 2018

## **Styret i meldingsåret:**

**Leiar:** Jorunn W. Steinsvoll

**Kasserar:** Torgun Thon Hagaseth

**Nestleiar//skrivar:** Ingun Kompen

**Styremedlemer:** Ivar Øverlier, Ola Breien, Håkon Lie og Arne Melvin Nygård.

**Varafolk:** Tutta Solberg, Tormod Møller og Jan Røbergshagen.

**Valkomite:** Sigrid Nyberg, Jon Olav Espeliødegård og Jon Øystein Lundstein,  
og **Revisor:** Jan Arild Berg

**Årsmøtet i 2018** var på Bruflat kafè 22. mars med 20 frammøtte.

Karstein Ryan frå Dokka fortalde interessant om sine oppleveingar som 5-åring i Korsfjord i Finnmark under krigen, med evakuering og mykje dramatik.

Årsmelding og rekneskap vart godkjende. God bevertning og utlodding.

EH hadde pr 31.12. 2018 kr 181 708,20 i Etnedal Sparebank.

Etnedal Historielag hadde siste året berre 40 betalende medlemer. Grunnen kan vera at mange fekk kontingentkravet på e-post, og gløymde å betala!

Alle medlemer bør aktivt prøve å verve nye medlemer. Fleire er truleg

interesserte i å støtte laget og ta vare på Etnedals-historia - om dei blir spurde.

## **Aktivitatar i 2018:**

**Ivar Øverlier** har vore pådrivar i arbeidet med Høljarasten og tilstanden til den verna Lundebraua. Mange har vore svært aktive i dette arbeidet. Det blir no ny veg og bru over Etna litt lenger nord. **Ola Breien** har eit særskilt ansvar for **Breiesleiren** med vedlikehald og omvisning. Kulturstigen ved Høljarast er no ferdig rydda og postar med info er sett opp. Rekonstruksjon av stilling og skilting på krigsminneplassar er også ferdig.

**Arbeidet med ei historisk bilet-bok for Etnedal** er i gang med skanning av bilete frå før 1960. Jorunn har starta å skrive ut bilete. Alle tema er av interesse, særleg frå dagleglivet, helst med namn på folk. **Ivar, Ole og Jorunn** skannar bileta. Dei vil også kunne dra heim til folk om det er ynskjeleg. Gamle bilete er verdfulle i eit arkiv, også om det ikkje kjem i ei bok. Det er alt svært mange bilete - som nok bør delast i to bøker.

## **Møte:**

**Årsmøtet var 22. mars + 6 styremøte (5.2., 6.3., 19.4., 18.6., 26.9. og 28.11).**

**Årsmøtet for Valdres historielag var i Vestringsbygda 9. juni 20.,** der Jorunn møtte. God bevertning og omvising i Åbjøra mølle.

**Årbok for Valdres Historielag 2018** hadde hovudtema ” Margit Sandemo”.

Bøkene er til sals i Etnedal Sparebank og frå Ingun. **Valdreskalenderen 2019** er illustrert med bilete av gamle tun i Vang, måla av **Sigfred Hovda**.

**17. mai** vart tradisjonelt markert med blomar på minnestader for krigen 1940.

**Olav og Kåre Nyhagen** tek seg årleg av dette.

### **Arbeidsoppgåver vidare:**

**Bureisingsbruka i Etnedal:** Målet er å laga eit hefte om bureisingane i Etnedal.

**Biletboka:** Innsamling og skanning held fram med bilete frå heile bygda.

**17. mai** er årleg markert med blomar på minnestader for krigen i 1940.

**Sal av bøker og hefte:** Det er fint om medlemene skaffar seg sjølv, gjev som gåver og oppmuntrar interesserte til kjøp av bøker og hefte som laget har. Då blir det pengar til å trykke opp att eldre hefte og laga nye.

Med sal av bøker frå det store boklageret til Valdres Historielag får vi provisjon, og vi har eit lite lager av årbøker og andre bøker og hefte.

**Etnedalsdagane** er fin profilering av Historielaget med eigen stand og sal av bøker og hefte.

**Breiesleiren og Bua-Erik-bua** blir tekne vare på, gjerne med omvising.

Vennelaget for Valdres Folkemuseum hadde tur dit 19.8. med 37 vandrarar og Ola G. Breien som geografisk og krigshistorisk kjentmann. Mat på Breien.

**Lageret i Huset** er godt å ha, der vi trygt kan ta vare på alt av interesse.

**Heimesida for historielaget** er administrert av Ivar Øverlier.

Adressa er: [Etnedal.historielag.no](http://Etnedal.historielag.no)

### **Representasjon:**

I Etnedal kulturråd møter Jorunn W. Steinsvoll for Etnedal Historielag og er nestleiar. Ingun Kompen er også på alle møta som leiar av rådet.

Jorunn er styreleiar i Valdres Historielag som også gjev ut Valdres-kalenderen.

Ingun er med på nær alle møta, som Etnedal sin representant i Årbok-nemnda.

Etnedal i februar 2019.

Ingun Kompen